

## Nydelege kle Laga på Holmen.

25.11.2017



Gina Hella Berge-Soldal har veldig mykje fint å selja.

**I dag er Gina Hella Berge-Soldal hos Elinins Matgleder med eit flott utval av kle ho har Laga på Holmen. For det meste er det barnekle og andre småplagg som til dømes luer til vaksne. Gina er ikkje berre ein meister med symaskinen! Like viktig er det at ho er ein kunstnar med fargar og mønster.**



Trappeoppgangen er pynta med flott plagg.

Gina fortel at ho kosar seg med syinga som ho driv med på fritida. Til dagleg jobbar ho som fysioterapeut.

- Eg kosar meg med dette, og når eg kan selja litt, kan eg sy litt meir, seier ho og legg til at ingen plagg er like.

Ho likar å skapa noko nytt, setja saman nye fargar og mønster.

- Eg er nok ikkje nokon samlebandarbeidar, seier ho til det. Ho synes det er kjekt å visa fram det ho har laga, og synes det er supert at Elin har invitert ho til denne dagen.

Underteikna synes ho er utruleg flink med fargar og har mykje fint, og eg spør om ho syr på bestilling. Ho svarar at ho kan gjera litt av det om nokon kontaktar ho. Eg vil tru mange vil verta frista til å kjøpa eit fint plagg med særpreg. Her er både til julegåver og andre føremål. Betaling kan gjerast både med kontantar og Vipps.

Elles er butikken open til kl.16, og i tillegg til alt det fine og gode Elin har i butikken, vert det i dag servert julegraut med mandel.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland